

Emne:	<b>Referat frå Regionalt planforum 30.01.2018 Bømlo, Planprogram for kommuneplan – samfunnsdel og arealdel, 2018 - 2048</b>		
Til stades:	Taule	Eva Katrine R.	HFK, plan - møteleiar
	Hoel	Nina Gjester	HFK, plan - referent
	Raddum	Gunhild	HFK, samferdsle
	Aarø	Else	HFK, næring
	Ragnhildstveit	Jomar	HFK, klima
	Wahl	Trond	HFK, klima
	Midttun	Ola	Fiskeridirektoratet, region vest
	Solheim	Ina Giil	Fiskeridirektoratet, region vest
	Teige	Eva Birgitte	Statens vegvesen
	Tøsdal	Odd	Mattilsynet
	Sageidet	Morten	Fylkesmannen
	Skjæveland	Gudrun	Fylkesmannen
	Aasen	Birte M.	Fylkesmannen
	Erdal	Siri	Husbanken
	Greaker	Alf Helge	Bømlo kommune, samfunnsplanleggjar
	Fylkesnes	Karsten	Leiar Areal og samferdsle
	Aga	Geir E.	Bømlo kommune, rådmann
	Gjerde	Elisabeth	Bømlo kommune, byggesak
	Njærheim	Anne-Beth	Bømlo kommune, folkehelse
	Slettebø	Njål G.	Bømlo kommune, areal
	Meling	Toralf	Bømlo kommune, areal
	Søvold	Trygve	Bømlo kommune, polititar
	Rogne	Birger	Bømlo kommune, polititar
Forfall:	-		Sak: 2017/17708
Møtetid:	1300-1500		Møtestad: Nordhordland, fylkeshuset

**Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule, fagleiar kommunal plan**

**Referent: Nina Gjester Hoel**

### Planforum 30.01.2018 Bømlo

Møteleiar ønskte velkomen og deltakarane presenterer seg med namn og organisasjon/ansvarsområde.

**Innleiing ved leiar av Areal og samferdsle i Bømlo kommune**, om prosessen frem mot planprogrammet.

Rådmannen opplyste at kommunen er oppteken av at samfunnsdelen tek ei tydeleg retning. Dei vil bruke tid og forankre samfunnsdelen. Det er fokus på folkehelse i Bømlo. Kommunen ønsker seg ein kommuneplan godt forankra hos polititarane. Administrasjonen skal hjelpe med å få ein god prosess, medan polititarane skal eige retninga. Kommunen ønskjer minst mogleg dispensasjonar. Det er politisk vilje til å ta samfunnsdelen på alvor. 27.02 og 19.03 er viktige datoar for politisk behandling.

**Alf Helge Greaker**, samfunnsplanleggjar, presenterte høyringsutkastet. Han understreka tre viktige poeng: Tematisk struktur, om hovudtema, om prosessen vidare. Det overordna spørsmålet «Kva vil vi med Bømlo?» skal løftast og engasjere både innbyggjarar og polititarar. Spørsmålet vil vere viktig gjennom heile arbeidet.

## Planfaglege innspel:

Høyringsframlegget verker å gå mest på samfunnsdelen. Vi tilrår at anten må arealdelen takast ut som eit eige planprogram, eller så må ein legge til ein større del som går på arealdelen. I så fall bør framlegget sendast ut på nytt att. Dette er vår hovudtilbakemelding. Det er positivt at ein legg opp til eit samla løp, og at samfunnsdelen legg premisa for arealdelen. Dette er ei fornuftig rekkefølge. Det er positivt å prioritere og trekke fram hovudtema. Kommunen har kome langt når det gjeld dialog, dette er veldig positivt. Forsøk å vere tydeleg på behov og utfordringar. Det er fint om ein klarer å vere meir konkret på utfordringar.

## Om tematikk i samfunnsdelen:

### Vekst

*Statens vegvesen:* Hovudkategoriane A og D heng saman: bustadbygging og næringsliv er viktig. Ein må sjå på samanhengen her. Samordna areal og transportplanlegging. Infrastruktur burde ha vore nemnt. Bømlopakken. Fortetting og utvikling av nye område. *Samferdselsavdelinga ved fylkeskommunen* legg til at hovudkategoriane A og C heng også saman. Samordna areal- og transportplanlegging burde ha vore meir tydeleg. Vi saknar mobilitet – korleis folk skal ferdast? Sykkel/gange/kollektiv – korleis legge til rette for dette? Ein bør søke å sjå samanhengen med folkehelse, som Bømlo er oppteken av. Vi saknar ei overskrift på dette – få det tydelegare fram.

### Kommuneplan Bømlo 2018 – 2048

#### - hovudtema:

- A. Framtidsretta bustadbygging
- B. Digitalisering i kommunen
- C. Attraktive lokalsentra og gaterom
- D. Næringsliv
- E. Kystbasert friluft- og reiseliv
- F. Kulturforvaltning
- G. Mobilisere frivillige
- H. Betre oppvekst- og læringsmiljø for barn og unge

*Fylkeskommunen* trekk fram Lindås kommune sitt planprogram og kommuneplanen sin samfunnsdel som eit godt døme, der kvart tema har ein strategi korleis temaet skal følgast opp i arealdelen. Då vert det lettare å konkretisere. *Fylkeskommunen* ønskjer også at Bømlo løftar fram sin visjon for innbyggjarane og Bømlo-samfunnet. Kva betyr dei nasjonale og regionale måla i ein «Bømlo-samheng»? Kvant hovudtema kunne vore drøfta og utgreidd meir. Det er positivt at Bømlo vil satse på lokalsentra. I eit planprogram bør kommunen drøfte kva som er unikt med Bømlo, og korleis ein kan framheve og forsterke dette gjennom vekst. Kva gjer at folk flyttar til eller blir verande i Bømlo? Kva gjer Bømlo til ein attraktiv kommune?

### Folkehelse

Medverknadsarbeidet i Bømlo kommune er forbilledlig. Det er kjekt at folkehelse er gjennomgåande tema, men vi saknar drøfting av sosial ujamnheit på helse i samfunnsdelen. Vi saknar helse som eitt stort tema. Dette er viktig, ettersom Bømlo har ny helseplan. Kunnskapsgrunnlag skal reviderast fram mot neste planstrategi. Korleis vil Bømlo forhalde seg til dette? *Bømlo kommune* meiner at oversiktsdokumentet fungerer godt, men vedgår at det burde ha vore henvist til dette dokumentet. Det er flott at dette tema er løfta fram i kommunen. Men det kunne kome betre fram i planprogrammet for kommuneplanen. Kommunen kan hente fine formuleringar frå oversiktsdokumentet, KDP for helse og omsorg. Ein må syne heilskapen.

Angående bustadbygging og helse: Fleire eldre skal bu lenger heima. Framtidsretta bustadbygging bør dekke også dette behovet. Universell utforming bør vere eit viktig punkt også under punkt A. Bømlo har ein høg andel eldre innbyggjarar. Bustadbygging for alle – variert bustadbygging. Tenke nytt, mindre einingar. Jamne ut sosiale skilnader. Bustader for rusavhengige er viktig – disse blir minst høyrte. Ein må oppsøke denne gruppa for å få dei høyrte. Regjeringa ønskjer at ein systematisk skal tenke psykisk helse og rus i planlegging av alle område. Attraktive sentra er meir enn fysisk planlegging. Det har med trivsel og vekst å gjere.

### Kystsone

Det er mykje 100 meter strandsone i Bømlo kommune. Ei utfordring for kommunen er differensiert strandsoneplanlegging. Fylkeskommunen saknar ein visjon og ein strategi om korleis Bømlo vil forvalte kystsona. I strandsona er det viktig å ivareta ålmenne interesser og hindre uheldig utbygging. Det vart informert om regional kystsoneplan. Status er at planen ligg hos departementet i påvente mot behandling. Klagar rettar seg særleg mot kartet, som er ei nyvinning i høve til våre regionale planar. Planen inneheld stort kunnskapsgrunnlag og digitale kart på mange tema. Generelle retningslinjer korleis ein driv god planlegging. Vi tilrår at kommunen bruker denne. Vi bistår gjerne med hjelp i arbeid med planlegging i

kystsoner. Planen skal brukast på ein god måte i hjelp for kommunen. På det stadiet kommunen er no vil dei generelle retningslinene vere til god hjelp.

*Fylkesmannen:* Samtlege kommunar i Hordaland har ei kystline i ei form. Planen skal vere eit godt styringsredskap. Utbyggingsnivå må ein bli einige om, men jussen i det må også ha gode verktøy. Ein må fjerne tvetydigheitene. FM er positiv til arbeidsmøter, til dømes der ein utformer føresegner. Dispensasjonskultur er eit problem i Hordaland. Ny kommuneplan er ei anledning til å rydde opp og lage fasiten. FM er tilgjengelege både for uformelle diskusjonar og meir formelle møte. Det er fullt mogleg for kommunen å erstatte «uønskte» reguleringsplanar, utan å risikere søksmål. Dette gir ei anledning for oppdatering. Det er ei oppgradering av lova – no er det ikkje noko mystisk datostempling, derimot ei klar tolking.

*Mattilsynet* syns det er fint at det er restriksjonar på vassverk. Utviklinga har gått rette vegen. Men her må det omssynsoner til slik at det er juridisk sikra. *Fiskeridirektoratet* har ansvarsområde på forvaltning for fiskeri etter havressursloven. Støtter kommunen i at det manglar program for arealdelen. Viktige fiskeritema som gyte- og oppvekstområder samt andre viktige områder skal sikrast i arealplanen. Kystbasert- friluft og reiseliv: Planlegging for sjøareal her, då må ein sjå til at fiskerinæringa vert teke omsyn til og involvert i planlegginga. Oppdrettsnæring kontra fiskeri er spanande. Kommunen seier at det er ei utfordring å finne nye lokalitetar. Kommunen skal sikre areal og langsiktige perspektiv. Fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at kommunen gjer dette. Det er viktig med samarbeid i denne prosessen. Her er det også aktuelt for *Mattilsynet* å vere med. *Bømlo kommune* er oppteken av dialogen underveis med alle aktørar. Arbeidsmøter med fagetatar er nyttige for alle partar.

#### Kulturminne

*Fylkeskonservatoren* syns at kulturminne forsvinn litt i planprogrammet. Det burde stå som eige punkt. Kva er status på kulturminneplanen starta i 2015? *Bømlo kommune* svarer at grunna prioritering har arbeidet der diverre blitt sett tilside. Arbeidet har fått støtte, så det må finnast ei løysing på å få det i hamn. Fylkeskonservatoren understreker at det er ein viktig delplan som underletter arbeidet både for kommunen og for fylkeskommunen. BK seier at det er gjort ei registrering, men arbeidet er ikkje sydd saman.

#### **Om samanslåing av planprogram for både arealdel og samfunnsdel av kommuneplan**

*Kommunen* lurer på kor mykje skal ein endra når eit planprogram har vore på høyring? Rådmannen vil helst følge lina dei har lagt seg på, men er det for store endringar vil det skape utfordringar?

*Fylkeskommunen:* Ved endringar bør framlegget til planprogram ut på nytt. Samfunnsdelen og arealdelen er ulike i høve til formelle krav. Arealdelen er meir formalisert, KU, det er fastsett kva tema som skal utgreiast, kunnskapsgrunnlag, metodar. De kan ikkje ta det inn no etter høyring utan å sjekke med regionale etatar på nytt, då dette heng saman med moglegheit for motsegn. Vi må komme med tilbakemelding allereie i planfasen. Fylkeskommunen rår til at kommunen tek med seg innspela her frå i dag til samfunnsdelen. Så kjem planprogram for arealdelen i neste del. Men det er kommunen sjølv som bestemmer. Dersom det er slik at det er viktig å få det vedtatt i rett tid, er det lurt å la dette vere eit planprogram for samfunnsdelen.

*Fylkesmannen:* Dette planprogrammet tek ikkje høgde for å gjere store endringar i kommuneplanen. Slik planprogrammet er no vert det litt for generelt. Korleis skal gjennomføring av konsekvensutgreiing vere, kva rammer eksisterer, kva ønskjer ein å få fram. Planprogrammet er ikkje tilstrekkeleg for arealdelen. Planprogrammet kan bli mangelfullt i møte med tilbakemeldingar frå grunneigarar, næringsliv osv. Det er tung infrastruktur-problematikk både når det gjeld veg, handel osv, som manglar i dette planprogrammet.

*Kommunen* lurer på om dei kan ta imot innspela og evt sende ut revidert planprogram på høyring på nytt. *Fylkeskommunen* svarer at om det er revidert eller eit nytt er ikkje så viktig. Vi må uansett sjå det som er nytt før det vert gått vidare med. *Fylkesmannen* rår til at ein lagar eit eige planprogram for arealdelen seinere, der ein er meir tydeleg på kor ein legg trykket. Er kommunen redd for å miste tid kan ein kan ha politisk behandling av samfunnsdelen av planprogrammet no, og så sende det ut som revidering når arealdelen er klar. I så måte får ein begge deler saman, medan det for oss som etatar kun vert arealdelen som er ny og som vi gir innspel til.

*Kommunen* er inneforståtte med at dei må sende framlegget ut på nytt. Dei opplever at det er stort handlingsrom kring dette. Kommunen ber også om at etatane kommenterer det som manglar, både i samfunnsdel og arealdel, dette som ei hjelp i å få i hamn det som manglar. Fylkeskommunen si oppgåve er å hjelpe kommunen med å ha gode plansystem. På samfunnsdelen er handlingsrommet til kommunen stort. Her kan ei vere generell. Fylkesmannen sin tilbakemelding er at ei *kan* vere konkret, dette tener kommunen på. Utfordringane blir tydelegare. Punkt H om oppvekst er også positivt. Ein legg ambisjonsnivået høgt, som er bra! Det er krevjande og positivt at kommunen jobbar med dette.

Avsluttande innspel frå kommunen er ein apell på kollektivtrafikk-tema: Kommunen har mista bussruter, som er vanskeleg.

**Rådmannen takkar for alle innspel**, og ber igjen om tydelege svar. Kommunen vil diskutere korleis dei gjer det vidare i prosessen. Ønskjer dialog med alle aktørar vidare framover, kommunen sine fagfolk set pris på fagmøter.

**Fylkeskommunen takkar for møtet**, og håper at det var verdifullt også for kommunen, og at dei opplevde det som ein nyttig dialog. Vi imøteser dette arbeidet vidare. Lukke til!